

## OM FASTE

Fastetida kjem kvart år før påske, og har lang historie i kyrkja. Fasta tek til på oskeonsdag, og varer dei neste 40 dagane fram til påskedag. Sidan kristne heilt frå byrjinga av har feira søndagen som dagen då Jesus stod opp, reknar ein ikkje søndagane inn i dei 40 dagane. Tidlegare skulle ein ete mindre og generelt leve enkelt denne tida. Dette var til og med lovpålagt. I tillegg skulle ein bruke meir tid til å be.

Men kva er målet med fastetida, no i 2017? Kvifor held kyrkja på ein slik gammal skikk? Kvifor kan det til og med sjå ut som fleire no oppdagar fastetida på nytt?

Det er fleire grunnar til det: Fastetida kan vere ei førebuingstid til påska og ei tid der ein på ulike måtar kan la den kristne budskapet få litt meir plass i livet. Nokre vil lese i Bibelen eller ber kvar morgon eller kveld, nokre ser ekstra etter muligheter til å hjelpe andre, andre søker stillheita og ettertanken i kvardagen.

Framleis er det mange som aktivt vel bort noko i fastetida; det kan vere god mat eller drikke, godteri, medie/nettbruk eller andre ting. Ein gjer det ikkje for at det er eit stort poeng i seg sjølv å gi avkall på dette, eller fordi det ein vel bort ikkje er godt, men for å gi noko anna og viktigare meir plass. I eit samfunn med høgt tempo og sterk påverknad opplever mange dette som noko godt. Ikkje minst har fastetida blitt ei tid der vi særleg fokuserer på rettferd og fordeling. Mange kjenner til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, som særleg knyter saman fastetida og internasjonal solidaritet. I programmet for fastetida i Hareid kyrkje ønskjer vi å fornye måten vi markerer fastetida på. Det er ein gammal tradisjon å halde eigne fastegudstenester kvar onsdag i fastetida. Vi vel å lage til ei samling i kyrkja kvar onsdag, der vi legg vekt på ulike sider ved den kristne budskapet.

Djupast sett skal fastetida hjelpe oss til å sjå: Sjå Jesus Kristus, litt klarare, litt tydelegare og kanskje som litt annleis enn vi trudde. Sjå kvarandre, som medmenneske, både nært og fjernt. Vi håper at fastesamlingane kan hjelpe oss til dette. Og når påska kjem er vi klare til å ta i mot han som alltid kjem til oss: Jesus Kristus, han som står opp av grava og som er nær oss alle dagar.



Hareid kyrkje og

# FASTETIDA 2017



Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund, å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Jes. 58,8



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid Sokn

Hjarteleg velkomne alle og einkvar

# Velkomne til samlingar med ettertanke

Gudstenesteutvalet i Hareid ynskjer å invitere til samlingar kvar onsdag i fastetida, i tillegg til vanlige gudstenester. Innhaldet er variert, og vi vonar her er noko for ein kvar smak. Obs! 8.mars på SUFH

## Program

Onsdag 01.mars kl.19.30 Oskeonsdagsgudsteneste  
Leidulv Ø.Grimstad, Ida Teige

Onsdag 08. kl.18.00 Gudsteneste på SUFH. Margit L.Holte

Onsdag 15.mars kl.20.00 «Walk the line» Sindre Løvik med band inviterer til Johnny Cash messe

Onsdag 22.mars kl.19.30 «Luther, den store reformator»  
Temakveld med Ingebrikt Austnes. Song av Odd Goksøyr

Onsdag 29.mars kl.19.30 Solidaritetsgudsteneste med  
konfirmantar, Leidulv Ø.Grimstad, Hareid Ten-Sing m.fl.

Onsdag 05.april kl.19.30 Påskevandring for ungdom/  
vaksne, Bjørg V.Hareide, Wenche Roppen, Greta  
S.Goksøyr m.fl.

Gudstenester kvar søndag kl.11.00

Søndag 05.mars vert på Hjørungavåg bedehus, dei andre i kyrkja.

Ingebrikt Austnes har vore kapellan i Spjelkavik kyrkje i mange år.

I høve Luther jubileet inviterer vi til temakveld omkring denne viktige mannen i kyrkjehistoria.



## Smakebit av programmet:



### Oskeonsdagsgudsteneste

Onsdag 01.mars kl.19.30

- Song
- Leidulv Ø. Grimstad
- Nattverd



### «Walk the line» Johnny Cash

Onsdag 15.mars kl.19.30

- Sindre Løvik
- Musikarar
- Song og tekst



### Påskevandring for vaksne

Onsdag 05.april kl.19.30

- Vandring gjennom påskedagane
- Barbro Landmark
- Wenche Roppen

